

ÅRSMELDING 2021



På Digital Festival 2021 i september fekk fleire prøve ulike dataspel

Foto: Skjermdump frå NRK Vestland

Innhald

<u>Styret i 2021</u>	2	<u>Instruksjon og opplæring</u>	4
<u>Aktive medlemmer</u>	2	<u>Undervisningsmateriell</u>	4
<u>Styrearbeid og aktivitetar</u>	2	<u>Programvare</u>	4
<u>Digital festival</u>	2	<u>Møtelokale</u>	4
<u>VO-midlar og Prosjektmidlar</u>	3	<u>Sosiale opplegg</u>	4
<u>Samarbeid regionalt og sentralt</u>	3	<u>Rekneskap 2021, resultat og balanse</u>	6
<u>Datastove Sunnfjord</u>	3	<u>Budsjett 2022</u>	9
		1
Styret i 2021	2		
Aktive medlemmer	2		
Styrearbeid og aktivitetar	2		
Digital festival	2		
.....	3		
VO-midlar og Prosjektmidlar	3		
Samarbeid regionalt og sentralt	3		
Datastove Sunnfjord	3		
Instruksjon og opplæring	4		

Undervisningsmaterieill	4
Programvare.....	4
Møtelokale	4
Sosiale opplegg.....	4
Rekneskap 2021, resultat og balanse	6
Budsjett 2022	9
Forslag til Arbeids-/aktivitetsplan for sesongen 2022/2023.....	10

Styret i 2021

På årsmøtet den 19. mars vart det valt ny styreleiari og fleire nye styremedlemmer. Styret som vart vald på årsmøtet har slik samansetning:

Aktive medlemmer

I medlemsregisteret til Seniornett Norge var det per 31.12.2020 registrert 126 betalende medlemmer frå Seniornett Førde.

Ved slutten av 2020 hadde vi 59 aktive medlemmer som møtte jamt kvar veke. I det avkorta vårsemesteret 2021 var det 56 medlemmer som deltok på forelesingane, og i haustsemesteret 2021 har 48 medlemmer vore med på kursdagane våre.

58 medlemmer har i 2020/2021 betalt kursavgift til Seniornett Førde. Av desse er 7 stk. nybegynnarar.

Styrearbeid og aktivitetar

I 2021 har vi hatt 5 styremøte og behandla 24 saker. Referata frå styremøta er lagt ut på nettsida til Seniornett Førde, sjå [«Møtereferat»](#) og velg år.

Lokalsida til Seniornett Førde finn du ved søke på «Seniornett Førde», eller ved å logge inn på Seniornett Norge og gå vidare til «Lokalforeningar». Der er det også lagt til ei lenke til vår Facebook-side.

Digital festival

Digital Festival er eit samarbeid mellom Seniornett Førde, Førde Bibliotek og Førde Friskliv og Frivilligsenter. Digital Festival i 2021 vart arrangert torsdag 23. september.

Hovudtema i 2021 var «*Dataspel for seniorar*». Joop Cuppen frå Seniornett Norge Informerte om ulike spel, og om kva slags tilleggsgutstyr som var nødvendig for enkelte spel. Joop hadde også med seg ein del utstyr, m.a. VR-briller, som interesserte kunne prøve etterpå.



Leiar:	Bjørge Ladehaug	Revisor:	
Kasserar:	Marloes Vos	Valnem:	
Sekretær:	Ellinor Kvalstad	Medlem:	
Varamedlem:	Aslaug Vårdal Igelkjøn	Medlem:	Helge Hovland
		Varamedlem:	Aud Nygård

Joop Cuppen

VO-midlar og Prosjektmidlar

Vi har i 2021 nytta oss aktivt av ordninga med VO-midlar til våre kurs. På grunn av koronapandemien vart minstekravet til kursdagar og kurstimar redusert frå minst 8 kurstimar til 4 kurstimar per kurs. Dette har vore fordelaktig slik vi driv i Seniornett Førde. I staden for å gjennomføre temakurs med minst 8 timar, har våre semesterprogram vore lagt opp slik at vi vekslar mellom ulike tema for kvar kursdag, og gjerne repeterer same tema fleire gonger gjennom semesteret.

I vårsemesteret rapporterte vi 10 kurs med 120 deltakarar, og i haustsemesteret 10 kurs med 104 deltakarar.

Frå Norsk Tipping har vi fått inn kr. 4645 i Grasrotmidlar. Her kan vi alle vere med å bidra ved å registrere Grasrotmidlar til Seniornett Førde.

Gjennom momskompensasjonsordninga har vi fått tilbakebetalt kr. 5109.

Samarbeid regionalt og sentralt

Landsmøtet i Oslo 7. og 8. oktober

Landsmøtet blir arrangert annakvart år. Seniornett Førde deltok med 4 utsendingar til landsmøtet i 2021, som var på Scandic Oslo Airport, Gardermoen. I tillegg møtte Monrad som medlem av styret i Seniornett Norge. Utsendingane frå Seniornett Førde var: Bjørg Ladehaug, Ellinor Kvalstad, Ingunn Ramstad og Egil Nestande.

Det meste av tida gjekk til landsmøteforhandlingar. Eit viktig tema var planlegging av framtidig drift, med ønskje om fleire medlemmer, fleire lokallag og ein synleg plass i samfunnet. Andre dag var det eit seminar, mest i form av brainstorming. Vi var delt i grupper, og skulle komme med forslag til korleis sentralstyret og lokallaga kunne bidra til dette, og korleis vi kunne styrke kvarandre. Seinare har svara blitt bearbeidd og blir nå innlemma i sentralstyrets planar.

Ved valet andre dag gjekk Monrad ut av landsstyret etter 6 år, og vart takka for innsatsen.

Sjå Seniornett Norge for meir info om Landsmøtet. <https://www.seniornett.no/wp-content/uploads/2021/09/samledokument-Landsmote-2021.pdf>

Datastove Sunnfjord

Etableringa av «Datastuer» er eit samarbeidsprosjekt mellom Seniornett og Pensjonistforbundet. Seniornett Førde deltar i prosjektet ved at vi i lag med Førde Pensjonistlag har oppretta «Datastove Sunnfjord», der Kjell Sandnes frå pensjonistlaget er styreleiar.

Ei datastove er ein fysisk møteplass der det er mogleg å halde kurs for seniorar. Målgruppa for prosjektet er seniorar over 65 år, og som ikkje har vorte med i den digitale verda, slik at dei kan lære å beherske viktige oppgaver som nettbank, e-post, bestille legebesøk, billetter osv. utan hjelp av andre.

I november gjennomførte vi eit kurs i bruk av PC på tre timar fordelt på fire dagar. Trass i annonser og plakatar lykkast vi ikkje å få nokon deltakar utan litt erfaring med data. Dei som var påmeldt av velmeinande familie eller venner møtte ikkje opp. Kurset vart gjennomført med

fem deltakarar. Alle fekk ein-til-ein undervisning, og alle var veldig fornøgde. Dei kunne anbefale kurset til andre, og fleire ville gjerne delta på eit eventuelt seinare kurs, med vekt på nettbrett og mobil.

Instruksjon og opplæring

I tillegg til våre faste instruktørar, Monrad og Egil, har Marloes, Bjørg, Kurt og Borgny vore medhjelparar på opplæring for medlemmene. Biblioteksjef Jorun Systad har vore gjesteforelesar med ei svært god innføring i «*Sosiale Medium*». Ho hadde same forelesing for alle 4 gruppene, og laga i tillegg eit skriftleg samandrag. Dette er lagt ut på vår nettside.

Semesterprogram

Vi har halde fram med å lage kursprogram for kvart semester. Programmet har vi prøvt å tilpasse til nivået på deltakarene i kvar gruppe, der vi også har lagt vekt på å få variasjon mellom ulike tema. Vi har prøvt ulike variantar, mellom anna med «Månadstema» og «Månadsoppgåver» der målet har vore å få kursdeltakarane til å bruke tillært kunnskap til å løyse konkrete oppgåver. Likevel har dei fleste kursdagane gått mykje på repetisjon av tema vi har vore gjennom ein eller fleire gonger tidlegare. For Fredagsgruppene, som vi reknar som mest vidarekomne, har vi ikkje laga noko detaljert program, men har overlatt til gruppene å bestemme tema for neste kursdag.

I forkant av kvar kursdag har vi sendt kvar gruppe e-post med informasjon om kva vi skal arbeide med på neste kursdag. På den måten er deltakarane litt budde på emna vi skal ta opp, gjerne ved å oppsøke nettsider gjennom lenker innlagt i e-posten.

Ved slutten av haustsemesteret 2021 gjennomførte vi ei evaluering, der vi fekk inn mange nyttige tilbakemeldingar, pluss ein del forslag til aktuelle tema i neste semester.

Færre nye deltakarar i 2021

Nybegynnargruppa hausten 2021 er av dei minste vi har hatt, berre 6 heilt nye deltakarar meldte seg til denne gruppa. I tillegg har 4 personar som tidlegare har vore med også deltatt i nybegynnargruppa.

Undervisningsmateriell

Vi tilrår framleis Magasinet frå Seniornett til innføring i og hjelp med det grunnleggande. På Seniornett si nettside kan alle elles hente mykje informasjon, m.a. frå «Tips og triks», og frå datamanualane som Seniornett Norge har utarbeidd.

Vi viser også ofte til dei detaljerte rettleiingane for aktuelle emne vi har hatt på kursa, og som er lagt ut på vår nettside under [«Egils reviderte»](#). Lærebøker ut over dette har vi ikkje brukt, men nokre deltakarar har på eiga hand kjøpt inn slike.

Programvare

Det er ein stor fordel at alle deltakarane har same program på sin PC. I tillegg til Windows tilrår vi at alle installerer og brukar Office-pakke med e-postprogrammet outlook.

Møtelokale

Vårt kurslokale i 2021 har vore Musikkrommet i Førdehuset. Dette er eit romsleg lokale, noko som er veldig bra etter innføring av strenge smitteverntiltak på grunn av Korona-pandemien. Jamvel med fullt frammøte har vi greidd fint å halde nødvendig avstand mellom deltakarane.

Sosiale opplegg

Det sosiale er kanskje det viktigaste for mange, etter dei tilbakemeldingane vi har fått.

Ordninga der ein av deltakarane tek med «noko attåt» til kaffien har opphøyrte etter at vi fekk møtelokale i Førdehuset, der vi må kjøpe kaffi og noko attåt frå kaféen i Førdehuset. Etter smitteverntreglane har vi innimellom måtte halde god avstand mellom borda og ved kvart bord. Pauselokalet vårt er dessutan ein del plaga med støy og uro frå nærliggande område i Førdehuset. Vi har derfor ikkje lenger den same intime atmosfæren omkring kaffipausa.

Vi hadde i 2021 ikkje vanleg avslutning av vårsemesteret, men vi hadde enkel juleavslutning i desember. Denne var to-delt ved at torsdagsgruppene hadde felles samling på siste torsdag før jul, og fredagsgruppene hadde tilsvarande samling på fredag.

Helsing styret og instruktørane

Bjørg, Ellinor, Marloes og Aslaug
Leiar, skrivar, kasserar og varamedlem

Monrad og Egil
instruktørar

Rekneskap 2021, resultat og balanse

DRIFTSREKNESKAP	Rekneskap 2021		Budsjett 2021	
	Inntekter	Utgifter	Inntekter	Utgifter
Kursavgift	23 150,00		12 500,00	
Office-pakker	3 000,00		5 000,00	
Kaffepenger	15 486,00		15 000,00	
Tilskott	83 375,71		50 000,00	
Kassebeholdning	930,00			
Finansinntekter (renter)	0,00		30,00	
Godtgjersle til instruktører for utlegg		20 663,80		26 000,00
Servering		30 406,85		15 000,00
Eksterne kurs		565,00		
Utstyr		464,50		15 000,00
Drift		1 634,80		10 000,00
Godtgjersle til tillitsvalgte		1 200,00		1 200,00
Reiseutgifter		11 479,93		10 000,00
Andre utgifter		1 280,00		5 130,00
Finanskostnader (bankgebyr)		188,50		200,00
Resultat		58 058,33		
Sum	125 941,71	125 941,71	82 530,00	82 530,00


RESULTATKONTO

Sum inntekter	125 941,71	
Sum utgifter		67 883,38
Fordringar 31.12.2021	0,00	
Gjeld 31.12.2021	0,00	0,00
Resultat (overskott) 2021		58 058,33
Sum	125 941,71	125 941,71


BALANSEKONTO per 31.12.2021

	Debet	Kredit
Eignedelar:		
Bankinnskott 01.01.21	114 776,89	
Overskott 2021	58 058,33	
Eigenkapital (og gjeld):		
Kreditorar		0,00
Kapital per 31.12.2021		172 835,22
Sum	172 835,22	172 835,22

INNETEKTER



UTGIFTER



Forklaring på noen poster

Post Inntekter

Kursavgift

- Kursavgifter er fra 2 kursår
- Styret vedtok at medlemsavgifta for 2020-2021 vert endra frå kr 350 til kr 200 fordi færre kursdagar i koronatida.
- Kursavgift for 2021-2022 vart sett til kr 250 fordi det var satt i søknad Sunnfjords halvtime og data i Dam-stiftelsen
- Kursår 2020-2021: 57 deltakare a kr 200,- = kr 11 400,-
- Kursår 2021-2022: 47 deltakare a kr 250,- = kr 11 750,-

Tilskot

1. Prosjektstøtte Stiftelsen Dam	kr 25.000
2. Seniornett Norge - refusjon medlems kontigent	kr 17.700
3. Statstilskudd Studieforbundet kurs i 2019+2020	kr 30.973
4. Momskompensasjon for regnskapsåret 2020	kr 5.058
5. Norsk Tipping – grasrotandel	kr 4.645

Post Utgifter

Servering


• Kaffe + svele på kursdager	kr 21.150
• Servering Digital Festival	kr 1.465
• Servering Julelunsj	kr 7.563

Drift: Annonse om oppstart haust og digital Festival i Firda

Reiseutgifter: 4 delegater til Landstyremøte på Gardemoen

Andre Utgifter: Blomster til Odd Skrede og Elisabeth Muri

Revisjon



Revidert 27/1/2022
J. Holm

Budsjett 2022

	Inntekter	Utgifter
Kursavgift	10 000,00	
Office pakke	3 000,00	
Kaffepengar	15 000,00	
Tilskot	50 000,00	
Finansinntekter (renter)		
Godtgjersle til instruktører + medhjelpar		30 000,00
Ekstern kurs		10 000,00
Servering		25 000,00
Utstyr		1 000,00
Drift		2 500,00
Godtgjersle til tillitsvalde		1 200,00
Reiseutgifter		5 000,00
Andre utgifter		3 000,00
Finanskostnader (bankgebyr)		300,00
Resultat	0,00	
Sum	78 000,00	78 000,00

Forslag til Arbeids-/aktivitetsplan for sesongen 2022/2023

Etter 12-13 år med om lag samme opplegg er det tid for noko nyskaping. Styret har derfor diskutert og vurdert ei viss omlegging frå hausten 2022.

Nybegynnargruppe på torsdagar.

Aktuelle tema: Internett, e-post, betalingstenester (nettbank, mobilbank, vipps..), offentlege tenester på nett, bli kjent med Office, bildebehandling, sosiale medium, ev. tekstbehandling... (Monrad og Egil som instruktørar?)

Opplegg for vidarekomne.

Ingen faste kursdagar som før, men «Problemløysingsdag» ein fredag i kvar månad, dvs. 3 dagar i haustsemesteret 2022 og 3 dagar i vårsemesteret 2023. Opplegget for denne dagen blir mest «ein-til-ein» instruksjon og hjelp.

Aktuelle tema: Oppdatering av PC, vedlikehald med viruskanning og diskopprydding. Fjerne unødvendige appar, legge til nye nyttige appar. Rydde i bokmerke/ favorittar. Rydde i biblioteket. Høve til å ta opp spesielle problem. (Monrad, Egil, pluss medhjelparar og ev. innleigde instruktørar?)

I tillegg vil vi prøve å få til ein «sjølvhjelpsdag» ein gong i månaden. Dette blir ein dag utan instruksjon, men der interesserte møter med PC, diskuterer og ev. løyser problem i felleskap.

NB! Det skisserte opplegget for vidarekomne krev ei form for påmelding til kvar «Problemløysingsdag». Dette kan best løysast ved påmelding gjennom billettsystemet i Førdehuset slik som for Senioruniversitetet. Tema for kvar «Problemløysingsdag» kan dermed også annonserast gjennom dette systemet.

Val 2021

Valnemnda for 2021 har vore:

Esther Skei Klausen, leiar (ny, eitt år)

Kari Husabø Sandvik, medlem (ny, eitt år)

Helge Hovland (ny to år)

Aud Nygård, varamedlem, (ny eitt år)

Valnemnda for Førde Seniornett hadde siste møte, 25. januar 2022.

Til stades: Esther Skei Klausen, Kari Husabø Sandvik, Helge Hovland, og Aud Nygård.

Valnemnda har dette framlegget til styre og valnemnd for 2022:

STYRE:

Leiar: Bjørg Ladehaug (vald for eitt år)

Styredlem: Ellinor Kvalstad (ikkje på val, eitt år igjen)

Styredlem: Hildur Hafstad Smådal (ny, veljast for to år)

Varameldem: Aslaug Vårdal Igelkjøn (attval, eitt år)

Revisor: Jon Gunnar Løland, (attval, vald for eitt år)

VALNEMND:

Leiar: Helge Hovland (vald for to år, eitt år igjen)

Medlem: Kari Husabø Sandvik, attval, eitt år

Medlem: Aud Nygård, attval eitt år

Varamedlem: Astrid Farsund, ny, eitt år

Førde, 25. januar 2022

Esther Skei Klausen

Kari Husabø Sandvik

Aud Nygård

Helge Hovland